



--

Arkiv saknr:	2014/2164
Løpenr.:	359/2015
Arkivkode:	

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Lotte Næss

## Framlegg til detaljregulering for vatn og avlaupsanlegg i Rauland - 1 gongs handsaming

### Vedlegg:

- 1 Plankart over bakken del 1 av 3
- 2 Plankart over bakken del 2 av 3
- 3 Plankart over bakken del 3 av 3
- 4 Plankart under bakken
- 5 Planomtale
- 6 Føresegner
- 7 ROS-analyse

### Dokument i saka:

Vinje kommune 09.09.14, referat frå oppstartsmøte 04.09.14

Sweco 10.10.14, varsel om oppstart av planarbeid

Innspel ved oppstart :

Statens vegvesen 06.11.14

NVE 01.11.14

Fylkesmannen i Telemark 10.11.14

Telemark fylkeskommune 16.10. og 15.12.14

Halvor Lognvik 13.10.14

Guro Lien og Morten Elgaaen 09.11.14

### Bakgrunn:

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for etablering av ny vassforsyning i Rauland med nytt vassverk, nye høgdebasseng, nye trykkaukestasjonar og oppgradering av ledningsnett for å auke kapasiteten. Samstundes ønskjer Vinje kommune å regulere alle eksisterande kommunale hovudledningar og anlegg for vatn og avløp for å sikre at desse blir

tatt omsyn til i framtidig utvikling og planlegging i Rauland. Reguleringsplanen inneheld såleis både nye og eksisterande anlegg.

Sweco er engasjert til å utarbeide reguleringsplan. Det vart halde oppstartsmøte 04.09.14. Varsel om oppstart vart sendt 10.10.14, med frist for innspel 10.11.14. Planframlegget og innspel som er komne inn er gjort greie for i planomtala.

Fylkeskommunen melder i epost 15.12.14 at dei ynskjer ei kulturminneregistrering i delar av planområdet (Bjålimgen og høgdebasseng Austbø). Ein må vente til snøen er vekke for å gjere dette. Tilhøvet til kulturminnelova er såleis ikkje avklart. Planen kan ikkje bli endeleg vedteken før dette er på plass.

**Vurdering:**

Planframlegget kan leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn slik det ligg føre.

***Rådmannens framlegg til vedtak:***

Framlegg til detaljregulering for vatn og avlaupsanlegg i Rauland vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av pbl § 12 - 10.
--

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/